

MØTEBOK

for årsmøtet i
Hordaland Venstre

11. - 12. februar 2017

Stord Hotell

Oppdatert versjon 08.02.17

ÅM-2

Fylkesstyret sitt framlegg til **Sakliste**
for årsmøtet i Hordaland Venstre 11. - 12. februar 2017

- ÅM-1. Opning
- ÅM-2. Godkjenning av innkalling og sakliste
- ÅM-3. Godkjenning av program, namneopprop
- ÅM-4. Godkjenning av forretningsorden
- ÅM-5. Val av dirigentar, fullmaktsnemnd, redaksjonsnemnd for programmet, referantar/sekretærer, teljekorps og signatarar.
Eventuell supplering av redaksjonsnemnd for fråsegner
- ÅM-6. Årsmøtetema: *Det grøne skiftet*
- ÅM-7. Årsmelding og rekneskap 2016
- ÅM-8. Fråsegner
- ÅM-9. Vedtektsendringar
- ÅM-10. Organisasjonsdebatt
Vedtak av plan for valarbeidet
- ÅM-11. Vedtak av eventuell tilleggskontingent for 2018
- ÅM-12. Vedtak av budsjett 2017
- ÅM-13. Suppleringsval til fylkesstyret
Val av valnemnd og landsmøteutsendingar
- ÅM-14. Handsaming av utkast til stortingsvalprogram
- ÅM-15. Val av redaksjonsnemnd for neste årsmøte
- ÅM-16. Arrangementsform komande fylkesårsmøter

ÅM-3

Fylkestyret sitt framlegg til **Program**
for årsmøtet i Hordaland Venstre 11. -12. februar 2017

LAURDAG:

- kl. 10:00 Frammøte – registrering. Lett servering.
- kl. 10:30 Kulturelt innslag**
 - Helsing frå Stord sin ordførar, Harry Herstad
 - Helsing frå Stord Venstre
 - Opning ved leiar i Hordaland Venstre, Idun Bortne
 - Namneopprop
 - Godkjenning av innkalling, sakliste, program og forretningsorden
 - Val av dirigentar, fullmaktsnemnd, redaksjonsnemnd for programmet, referantar/sekretærer, teljekorps og signatarar.
 - Eventuell supplering av redaksjonsnemnd for fråsegner
- kl. 11:00 Årsmelding og rekneskap 2016
 - Orientering om innkomne fråsegner
 - Vedtak av tal på fråsegner
 - Orientering om handsaming av stortingsvalprogrammet
- kl. 12:00 **Årsmøtetema: Det grøne skiftet**
 - Innleiing ved stortingsrepresentant og nestleiar i Terje Breivik
 - og leiar i Hordaland Venstre og andrekandidat Idun Bortne
- kl. 12:30 Lunsj**
- kl. 13:30 **Årsmøtetema: Det grøne skiftet – eksterne innleiarar**
- kl. 14:30 Stortingsval 2017 – Orientering frå valkampleiar Tallak Rundholt og kampanjerådgjevar Frode Fjeldstad
- kl. 15.30 Organisasjonsdebatt
 - Vedtektsendringar
 - Vedtak av arrangementsform for komande årsmøter
 - Vedtak av budsjett 2017 og eventuell tilleggskontingent for 2018.
 - Vedtak av plan for valarbeidet
- kl. 16:15 Kaffipause med kakeservering**
- kl. 16:30 Fråsegner
- kl. 17:30 Suppleringsval til fylkesstyret.
 - Val av landsmøteutsendingar.
 - Val av valhemnd.
- kl. 18:00 Handsaming av utkast til stortingsvalprogram
 - Innleiing ved Terje Breivik, leiar av programkomiteen.
 - Innleiingar frå gruppeleiar og sideorganisasjonar.
 - Parallellesesjonar: Debatt om 2 kapittel: 2*20 minuttar:
 - Gruppe 1: Kapittel: 1 og 2
 - Gruppe 2: Kapittel 3 og 4
 - Gruppe 3: Kapittel 10 og 12
- kl. 19:15 Slutt
- kl. 20:15 Festmiddag**

SØNDAG:

- kl. 09:30 Fråsegner
- kl. 10:00 Val av redaksjonsnemnd for fråsegner for neste årsmøte
- kl. 10:15 Kulturelt innslag**
- kl. 10:30 Handsaming av utkast til stortingsvalprogram fortset

Parallellsesjonar: Debatt om 5 kapittel: 5*20 minuttar:

Gruppe 1: Kapittel: 11, 13, 14, 15 og 16

Gruppe 2: Kapittel 5, 6, 7, 8 og 9

Gruppe 3: Kapittel 17, 18, 19, 20 og 21

kl. 12:15 Lunsj

kl. 13:00 Handsaming av programmet fortset i plenum - Vedtak

kl. 15:00 Slutt

Namneopprop

- *Delegatliste er sendt ut som eige dokument*

ÅM-4

Fylkesstyret sitt framlegg til **Forretningsorden**
for fylkesårsmøtet 11. og 12. februar 2017

Om den generelle avviklinga av debatten:

1. Fylkesårsmøtet vert leia av to møtedirigentar som vert valde ved konstitueringa av møtet. Møtedirigentane må sjå til at dei oppsette rammene for debatten vert haldne. Dei kan difor avgjere om avgrensa taletid skal innførast og gjere framlegg om når "strek" skal setjast. Framlegg som til dømes avgrensing i taletida eller å setja "strek" for talarlista, kan setjast under voting dersom møtedirigentane gir si tilslutning til dette.
2. Møtedelegatar med røysterett melder seg på talarlista ved å visa nummerskilt tydeleg. Møtedirigenten gir ordet til dei som ber om det i rekkefølgje. Talarane rettar sine innlegg til møtedirigent. Alle innlegg *skal* koma frå talarstolen.
3. Møtedirigentane kan tillata inntil to replikkar til kvart debattinnlegg med følgjande svarreplikk. Ein replikk kan vera maksimum 1 minutt lang. Den skal vera retta til det føregåande debattinnlegget. Delegatar teiknar seg til replikk ved å vise nummerskilt tydeleg saman med grønt ark. Møtedirigent gir replikk til dei som først ber om det.
4. Møtedirigentane gjer framlegg om prosedyre for eigenpresentasjon og støttetalarar før personval.

Om framlegg:

1. Endringsframlegg skal leverast skriftleg til møtedirigentane.
2. Alle endringsframlegg skal leverast på eige skjema for endringsframlegg eller elektronisk.
3. Fylkesårsmøtet kan fastsetja frist for innlevering av framlegg til fråsegn.

Om voting:

1. Møtedirigent gjer framlegg om voteringsorden, og fylkesårsmøtet fastset denne før kvar voting når det gjeld saker der vedtekten ikkje fastset voteringsprosedyre. Endringsframlegg skal settast opp mot innstillingane, og dei som støttar endringsframlegga skal visa dette ved røysteteikn.
2. Når fleire alternative framlegg ligg føre, skal det først voterast over det mest ytterleggåande, og til slutt alternativ voting mellom de to siste framlegga, så langt ingen krev separat voting.

Valprosedyre ved skriftleg val der berre ein skal veljast:

1. Den er vald som oppnår fleire enn halvparten av dei røystene som er gitt. Blank røystesetel vert rekna som gitt stemme.
2. Dersom ingen kandidat i første valomgang oppnår fleire enn halvparten av dei gitte røystene, skal det haldast omval. Er det fleire enn to kandidatar, fell kandidaten med færrest røyster ut i kvar valomgang, inntil ein kandidat oppnår fleire enn halvparten av røystene. Dersom to eller fleire kandidatar oppnår det same tal færreste røyster i same valomgang, vert det loddtrekking om kven av kandidatane som fell ut.
3. Når to kandidatar står att, er den vald som har fått flest røyster.
4. Dersom det etter omval etter punkt 3, framleis er likt røystetal, vert rangeringa avgjort ved loddtrekking.

Om parallellesesjonar

1. Alle forslag til stortingsprogrammet behandlast først i parallellesesjonar. Parallellesjonane skal behandle framlegga som er innstilt vedtekne frå fylkesstyret, samt dei som er oppretthalda av minst ein årsmøtedelegat, og komme fram til ei innstilling til plenum. Innstillinga skal innehalde tekst som beskriv eventuelt overveldande eller knapt fleirtal/avvist.
2. Fristen for å oppretthalde framlegg som er innstilt avvist frå fylkesstyret settast til **laurdag kl 16.30** (etter kaffipausen).
3. Sesjonane kan løfte enkelte problemstillingar inn for årsmøtet i plenum dersom ein ikkje kjem fram til rimeleg semje. Årsmøtedelegatene bør fordele seg jamt mellom sesjonane, slik at sesjonane blir representative. Sesjonane leias av to årsmøtevalde møtedirigentar og kvar sesjon har ein årsmøtevald referent.
4. Framlegg som er behandla i parallellesesjonar skal vedtakast i plenum etter at sesjonane er avslutta. Møtedirigent kan avgjere at det skal settast ei grense for maksimalt tal på innlegg for og mot kvart framlegg som vert løfta i plenum, og tilsvarande i debatten om heilheita i kvart kapittel av stortingsvalsprogrammet. Møtedirigent kan avgjere med årsmøtet si godkjenning å nekte debatt på framlegg som er innstilt vedteke eller avvist med overveldande fleirtal i sesjonane.

ÅM-5

Val av møtedirigentar, fullmaktsnemnd, redaksjonsnemnd for programmet, referantar, sekretærar, teljekorps og to personar til å skriva under årsmøteprotokollen.

Fylkesstyret sitt framlegg til:

Møtedirigentar:

Idun K. Bortne, Rolf Nesheim, Anne-Beth Njærheim, Geir Angeltveit, Pia Kleppe Marken, Ingebjørg Winjum og Kari Østervold Toft

Fullmaktsnemnd:

Kari Østervold Toft (leiar), Jo Lerheim og Birgitte Hjertaas

Redaksjonsnemnd for programmet:

Fylkesstyret + sekretær Gro Gjelsvik

Referantar (plenum):

Laurdag: Andreas Myrseth Kolstad og Jan Erik Espelid

Søndag: **Manglar**

Sekretærar i parallellesjonane:

Gro Gjelsvik, Elizabeth Toft Erichsen og Ingrid Bjørke Nisamjan

Teljekorps: Tore Rykkel (leiar), Emina Koch og Stian S. Magelssen

Signatarar: Erling Birkeland og Elizabeth Toft Erichsen

ÅM-5**Eventuell supplering av redaksjonsnemnd for fråsegner**

Ei redaksjonsnemnd for fråsegner blei valt på sist årsmøte:

Geir Kjell Andersland (Bergen)
Marit Helen Leirheim (Askøy)
Jon Sivert Rykkel (Os)

Varamedlemmer:

Beate Eknes (Meland)
Alf Helge Greaker (Bergen)

Jon Sivert Rykkel blei valt som leiar av nemnda.

Rykkel kjem ikkje til å vere til stades på årsmøtet og nemnda treng difor supplering og nytt val av leiar.

Fylkesstyret sitt framlegg til redaksjonsnemnd for årsmøtet 2017 etter supplering:

Geir Kjell Andersland (Bergen), leiar
Marit Helen Leirheim (Askøy)
Alf Helge Greaker (Bergen)

Varamedlem
Beate Eknes (Meland)

I tillegg har Hordaland Unge Venstre og Hordaland Venstrekvinnelag ein representant kvar i nemnda: Ingrid Handeland (HUV) og Åsta Årøen (HVKL)

Ingrid Handeland vert sekretær for nemnda.

ÅM-6

Årsmøtetema: *Det grøne skiftet*

Innleiing ved stortingsrepresentant og nestleiar i Terje Breivik
og leiar i Hordaland Venstre og andrekandidat Idun Bortne

Etter lunsj:

Eksterne innleiarar

Vi får besøk av: Frøydis Haugen - fylkesleiar i Hordaland Bondelag, Hege Økland - dagleg leiar i Maritime CleanTech og Vegard Frihammer - Green Executive Officer i Greenstat.
Elles held byråd i Bergen, Julie Andersland ei innleiing på temaet.

ÅM-7

Årsmelding og rekneskap 2016

- *Årsmelding for 2016, rekneskap for 2016 og kommentarar til rekneskapen med revisorrapport er sendt ut som eigne dokument. Sjå desse.*

ÅM-8

Fråsegner

- *Sjå eige dokument med oversikt over innkomne framlegg til fråsegner*

ÅM-9

Vedtektsendringar

Vedtekten kan berre endrast av fylkesårsmøtet når minst to tredelar røystar for det.

Innkomne framlegg til vedtektsendringar:

Framlegg 1

Framlegg frå: Fylkesleiar Idun Bortne

Gjeld om ein plan for valarbeidet skal vedtakast eller berre orienterast om på fylkesårsmøtet, side 6 under **Fylkesårsmøtet**

Endre Årsmøtet i valår skal: • Vedta ein plan for valarbeidet i fylket til Årsmøtet skal i valår orienterast om plan for valarbeidet i fylket.

Grunngjeving:

Styret har gitt valkamputvalet eit mandat og det burde vere tilstrekkeleg med ei orientering om den plan dei har lagt.

Saksopplysing:

Normalvedtekten for fylkeslag seier følgjande:

- *I valgår skal fylkesårsmøtet behandle og vedta en plan for fylkeslagets valgkamp*

Fylkesstyret innstiller samrøystes på at denne endringa blir vedteke

Framlegg 2

Framlegg frå: Fylkesleiar Idun Bortne

Gjeld kven som skal innstille på utsendingar til landsmøtet, side 6 under **Fylkesårsmøtet**

Framlegget lyder:

Stryk På fylkesårsmøtet året deretter skal valnemnda koma med framlegg til landsmøteutsendingar,

og samtidig:

Legg til (side 3 under Fylkesstyret) På fylkesårsmøta legg fylkesstyret fram sitt framlegg til landsmøteutsendingar

Grunngjeving:

Fylkesstyret er betre kjent med organisasjonen og dette er ikkje eit val til verv, men representasjon for HV. Styret har antakeleg best oversikt til å ta vurderinga på kven som bør dra og kan ivareta geografi, men også andre omsyn.

Saksopplysningar:

I Hordaland Venstre har det alltid vore valnemnda som har innstilt på landsmøteutsendingar føre fylkesårsmøtet. I Sogn og Fjordane Venstre er det fylkesstyret som innstiller.

Normalvedtekten for fylkeslag seier følgjande:

Valgkomité

Det andre og det fjerde ordinære fylkesårsmøte i stortingsperioden velger en valgkomité etter forslag fra fylkesstyret, bestående av leder, to eller 4 medlemmer og fire varamedlemmer, som på det etterfølgende fylkesårsmøtet legger frem forslag til valg av fylkesstyre, revisor og delegater til Venstres landsmøte. Ingen av medlemmene eller varamedlemmene i det sittende fylkesstyre kan være medlemmer eller varamedlemmer til valgkomitéen.

Fylkesstyrets innstiller på at dette framlegget avvisast.

ÅM-10

Organisasjonsdebatt

Innleiing ved nestleiar Bjørnar Hamre.

Debatt.

ÅM-10

Vedtak av plan for valarbeidet

Stortingsval 2017

Orientering frå kampanjerådgjevar Frode Fjeldstad

Debatt og vedtak

- *Ein plan for valarbeidet ligg føre i eit eige dokument. Sjå dette.*

ÅM-11

Vedtak av eventuell tilleggskontingent for 2018

Frå vedtekten:

Samla kontingent fastsettast av Venstre sitt landsmøte og gjeld òg Hordaland Venstre. Hordaland Venstre kan rapportere inn tilleggskontingent etter vedtak på årsmøtet. Landsmøtet fastset kven som har rett til redusert kontingent.

Dette er utgangspunktet (klipt frå infoskriv frå Venstres Hovedorganisasjon):

For yrkesaktive blir kontingentsatsene for 2018:

Den sentrale kontingeneten	Kr. 175
Fylkeslagskontingeneten	Kr. 75
Lokallagskontingeneten	Kr. 50
Samlet kontingent for yrkesaktive	Kr. 300

Både for 2016 og 2017 har årsmøtet i Hordaland Venstre vedteke ein tilleggskontingent på 100 kr. Altså at totalt 175 kr skal tilfalla fylkeslaget.

Fylkesstyret innstiller på at årsmøtet vedtar ein tilleggskontingent på 100 kr; det same som vart vedteke for 2016 og 2017.

Fylkeslag har ikkje høve til å påverka kontingenen for dei ikkje-yrkesaktive.

ÅM-12 Vedtak av budsjett 2017

- *Fylkesstyret si innstilling til budsjett for 2017 er sendt ut som eige dokument. Sjå dette.*

ÅM-13

Suppleringsval til fylkesstyret

Eit fylkesstyre blei valt for to år på årsmøtet i 2016, men dei to nestleiarane, Bjørnar Hamre, Bergen, og Jon Sivert Rykkel, Os, har valt å trekkje seg etter eit år og stille verva sine til disposisjon for andre.

Fylkesstyret må difor supplerast.

Nye nestleiarar/styremedlemmer veljast for eitt år

Det resterande styret ser no slik ut:

Leiar: Idun Bortne (Bergen)

1. nestleiar: **Ledig**

2. nestleiar: **Ledig**

Styremedlem: Ingrid Bjørke Nisamjan (Kvam)

Styremedlem: Ronny Knudsen (Askøy)

Styremedlem: Rolf Nesheim (Lindås)

Styremedlem: Ingebjørg Winjum (Granvin)

Varamedlemmer:

1. Bård Mangerøy (Radøy)

2. Pia Kleppe Marken (Sund)

3. Kent Are Petterson (Kvinnherad)

4. Trude Sletteland (Bergen)

5. Astrid K. Hårstad (Bergen)

6. Alf Helge Greaker (Bergen)

7. Elizabeth Toft Erichsen (Sund)

Valnemnda har følgjande innstilling til suppling av styret:

Punkt 1: Åsta Årøen, Bergen, veljast som 1. nestleiar

Punkt 2: Rolf Nesheim. Lindås, veljast som 2. nestleiar
(rykkjer opp frå å vere styremedlem)

Merknad: Unge Venstre sin representant i valnemnda har avstått frå å røyste på desse to punkta

- Punkt 3: Trude Sletteland, Bergen, veljast som nytt styremedlem (rykkjer opp frå å vere 4. vara).
- Punkt 4: Valnemnda kjem ikkje med framlegg om eventuelt nytt varamedlem etter Trude Sletteland. Her har årsmøtet høve til å komme med framlegg om det er aktuelt/vurdert ønskjeleg.

Ei samrøystes valnemnd stiller seg bak desse to punkta.

ÅM-13

Val av valnemnd

Det skal veljast ny valnemnd for dei to neste åra.

Fylkesstyret sitt framlegg til valnemnd 2017-18:

1. Jostein Osnes, Etne - leiar (attval)
2. Beate Eknes, Meland (attval)
3. Bjørnar Hamre, Bergen
4. Ingrid Sponheim, Ulvik
5. Bjørn Magne Hufthammer, Austevoll (attval)

Personlege varaer:

1. Synnøve Handeland, Kvinnherad
2. Sveinung Toft, Lindås
3. Grete Line Simonsen, Bergen
4. Hanne Kvilaugsvik, Bergen
5. Geir Angeltveit, Stord

ÅM-13

Val av landsmøteutsendingar 2017

Venstre sitt Landsmøte i Ålesund 31. mars - 2. april.

Valnemnda si innstilling:

1. 1. nestleiar
2. 2. nestleiar
3. Gruppeleiar - Anne-Beth Njærheim, Bømlo
4. 3. kandidat - Sondre H. Persen, Bergen
5. 4. kandidat - Elizabeth Toft Erichsen, Sund
6. Bergen Venstre leiar - Jo Lerheim
7. HUV- leiar - Agnes B. Hoshovde, Radøy
8. HVKL-leiar - Birgitte Hjertaas, Askøy
9. Byråd Bergen - Julie Andersland
10. Kjersti Vevatne, Osterøy
11. Arild Heggland, Fusa
12. Trond Angeltveit, Sveio
13. Håkon Gjerde, Ulvik
14. Per-Arne Larsen, Bergen

Varaliste:

1. Jorunn Ytrefjord, Voss
2. Brith Ediassen, Fjell
3. Espen Hansmark Persen, BUV-leiar
4. Beate Eknes, Meland
5. Ordførar - Ingebjørg Winjum, Granvin
6. Fylkestingsrepr. - Geir Kjell Andersland, Bergen
7. Anne Marit Buer, Odda
8. Fylkestingsrepr. - Geir Angeltveit, Stord
9. Elin Seim, Voss

Merknader:

- I tillegg til dei 14 valde utsendingane vil fylkesleiar Idun Bortne delta på landsmøtet som ein del av landsstyret. Byråd i Bergen, Erlend Horn vil delta som direktevald til landsstyret.
- Årsmøtet har høve til å forlenge lista over varautsendingar
- Årsmøtet gjerast merksam på at Beate Eknes er medlem av valnemnda og er innstilt som ein av varautsendingane. Eknes var ikkje til stades i møtet då hennar namn var oppe til vurdering i nemnda.

Merknad frå fylkesstyret:

Landsmøteutsendingane kan rekne med at dei får dekka inntil 4000 kr av kostnadane ved hotellopphald og reise av Hordaland Venstre om dei ikkje allereie kan få det dekka av si kommunestyregruppe eller som del av fylkestingsgruppa.

ÅM-14

Handsaming av utkast til stortingsvalprogram

Innleiing ved Terje Breivik, leiar av programkomiteen.

Innleiingar frå gruppeleiar i fylkestinget og frå sideorganisasjonane.

Vidare legg fylkesstyret opp til debatt og handsaming i parallellsesjonar laurdag og søndag før oppsummering, debatt og voting over endringsframlegga/vedtak til slutt på søndag. Når andreutkastet inneheld 21 kapittel er det for tidkrevjande å ta all handsaming i plenum.

Reglar for parallellsesjonane og plenumssesjonen kjem fram av forretningsorden.

Delegatane må fordele seg på dei tre gruppene.

Kvar og ein må skrive seg på lister tidleg laurdag på årsmøtet.

Laurdag

Parallellesesjonar: Debatt om 2 kapittel: 2*20 minuttar:
 Gruppe 1: Kapittel: 1 og 2
 Gruppe 2: Kapittel 3 og 4
 Gruppe 3: Kapittel 10 og 12

Søndag

Parallellesesjonar: Debatt om 5 kapittel: 5*20 minuttar:
 Gruppe 1: Kapittel: 11, 13, 14, 15 og 16
 Gruppe 2: Kapittel 5, 6, 7, 8 og 9
 Gruppe 3: Kapittel 17, 18, 19, 20 og 21

kl. 13-15

Handsaming av programmet fortset i plenum - Vedtak

Andreutkastet til stortingsvalprogram finn de på [Venstre sine nettsider](#)

Fylkesstyret kjem med ei innstilling til framlegga - avisast, vedtakast eller redaksjonelt.

- *Ei oversikt over alle innkomne framlegg til endringar sendast ut onsdag 8. februar*

Fristen for å levere endringsframlegg til handsaming på årsmøtet er gått ut.
 Endringsframlegg som kjem etter fristen/på årsmøtet kan etter vedtekten berre
 handsamast om 2/3 av årsmøtet godkjenner det.

ÅM-15

Val av redaksjonsnemnd for neste årsmøte

Det skal veljast leiar, to medlemmer og to varamedlemmer.

Fylkesstyret sitt framlegg:

1. nestleiar
 Gruppeleiar Anne-Beth Njærheim
 Tobias Bashevkin

Ein av desse må veljast som leiar av nemnda

Varamedlemmer
 2. nestleiar (for 1. nestleiar)
 Elizabeth Toft Erichsen (for gruppeleiar)

ÅM-16

Arrangementsform komande fylkesårsmøter

Fra Handlingsplanen: «Fylkesstyret skal vurdere ulike former for framtidig organisering av fylkesårsmøtet og blant annet vurdere fylkesårsmøtet annet hvert år, endagsmøte, slå sammen fylkesårsmøtet og nominasjonsmøtet og billigere lokalisering. Fylkesstyret legger frem egen sak om dette og eventuelle vedtektsendringer til årsmøtet 2017.»

Fylkesstyret har diskutert denne saken gjennom året og kommet frem til følgende:
 Fylkesårsmøtet er det best besøkte arrangementet til Hordaland Venstre med rundt 100 deltagere. Nominasjonsmøtet er besøkt av rundt 80 deltagere. Et normalt lokalpolitisk nettverksmøte er ikke like godt besøkt, med snitt på rundt 30-40 deltagere. Fylkesstyret vurderer det derfor som ønskelig å beholde årsmøtet hvert år, samt beholde årsmøtet over 2 dager. Fylkesstyret ønsker heller å bruke årsmøtet til opplæring, om årsmøtesakene gir rom for det, i stedet for å arrangere flere lokalpolitiske nettverksmøter som ikke er like godt besøkt.

Fylkesstyret ser muligheten av å slå sammen fylkesårsmøtet og nominasjonsmøtet, men Venstre har de seneste årene avholdt nominasjonsmøte på høsten før valgåret slik at det ikke har vært aktuelt med et felles møte. Fylkesstyret valgte høsten 2016 å arrangere lokalpolitisk nettverksmøte (LPN) i sammenheng med nominasjonsmøtet. Det var et billig og bra besøkt LPN. Fylkesstyret mener at det må være opp til det sittende fylkesstyret som til fylkestingsvalget 2019 må ta en vurdering av å slå sammen nominasjonsmøtet og fylkesårsmøtet.

Fylkesstyret har etter dette kommet til at det er størst rom for å gjøre fylkesårsmøtet til et betydelig billigere arrangement. Forhold som kan gjøre totalkostnadene lavere er spesielt knyttet til lokalleie, dagpakker, overnatting, middag og lunsj, samt reisekostnader. Ved å avholde årsmøtet i områder der det er enklere og billigere for flertallet av delegatene å komme seg til, samt å velge lokaler som er billigst mulig og selv stå for arrangementet og/eller i samarbeid med et lokallag/sideorganisasjon vil det være mulig å gjøre arrangementet betydelig billigere.

Samtidig vil fylkesstyret påpeke at det ved lavkostarrangement der en ikke er på hotell, er en fare for at den sosiale faktoren som fylkesårsmøte også har forsvinner. Dette må tas spesielt hensyn til når fylkesstyret skal arrangere årsmøter fremover.

Fylkesstyret påpeker at prosessen ved etablering av Vestlandsregionen og sammenslåing av Hordaland Venstre og Sogn og Fjordane Venstre vil kunne påvirke organiseringen av årsmøtene.

Fylkesstyrets forslag til årsmøtevedtak:

1. Ved fremtidige årsmøter skal en velge billigst mulig alternativ.
2. Årsmøtene skal ikke avholdes på hotell, med mindre tilbudet er like billig som å arrangere det selv.
3. Årsmøtene i perioden 2018 til og med 2020 skal avholdes i enkle selskapslokaler i Bergen/Bergensområdet i samarbeid med lokallag/sideorganisasjoner som kan bidra med dugnad/frivillige til avviklingen av årsmøtet. Lokallag/sideorganisasjoner som bidrar til dugnad vil bli kompensert økonomisk slik at midlene forblir i organisasjonen.
4. Årsmøtefesten skal være fantastisk!